

Retningslinjer for utveksling og oversikt over utvekslingspartnerar

- Søknadsfrist internt BAS: 1. april for utveksling i haustsemester, 1. oktober for utveksling i vårsemester.
- I Nordplusprogrammet har BAS godkjente partnerar i Skandinavia og Baltikum som du kan utveksle til. For Erasmus må du kontakte adm. minimum 3 månader før for at BAS kan freiste å få avtale med den utanlandske utdanningsinstitusjonen (gjeld Europa). BAS har per i dag kun Erasmus avtale med fire skular, det er ESAP i Porto, Saint Luc de Wallonie i Belgia, Beira Interior i Portugal, og Bahaus i Tyskland. Men vi jobbar med å få fleire på plass, både i Storbritannia, Nederland og Frankrike. Når du reiser gjennom Nordplus og Erasmus, vil du få eit stipend. Størrelsen på dette vil variere etter sentrale løyvingar og kor mange som søker frå BAS. Det er ingenting i vegen for at du kan reise på studieopphald til skular utanom programma, både i Europa og elles i verda. Men det som då gjeld, er at du vil bli etterevaluert ved heimkomst til BAS på grunnlag av portefolio. Elles gjeld vanlege reglar for utveksling.
- Studentar må ha fullført 1.avd. før ein kan søkje
- Val av kurs må om mogleg godkjennast på førehand av rektor ved BAS. Du kan berre få godkjent eitt semesterkurs ved andre arkitektskular som del av diplomgrunnlaget for hovudeksamen ved BAS. Det er ein føresetnad at du består kurset på utvekslingsskulen for å få det godkjent ved BAS. BAS kan ikkje overprøve resultatet frå andre skular. Det er studenten sitt val å utveksle, og dermed eigen risiko. For utveksling utanfor programma må materialet i tillegg godkjennast ved retur til BAS ved å framlegge portofolio. Her ligg det ein risiko at det ikkje vert godkjent, og det kan dermed ikkje inngå som del av utdanninga ved BAS. Learning Agreement må fyllast ut og returnerast til BAS så snart som råd etter ankomst til skulen du skal utveksle til.
- Studentar på utveksling betalar full studieavgift til BAS i den perioden dei er ute. (For å få godkjent utvekslingsstudiet ved BAS, må du vera student ved BAS. Jmfr. Eksamensreglementet.) For skular i utlandet, særleg i USA, med svært høge skulepengar, vil ein få redusert avgift ved BAS.
- Skulen er grunnleggjande positiv til at studentar tek utveksling. Vi oppmodar gjerne om å vere på utveksling i 2. semester, men vi har berre moglegheit for å godkjenne eitt semester som grunnlag i 2.avd.
- Når du kjem attende til BAS skal du laga ein skriftleg rapport om utvekslingsopphaldet ditt. Denne rapporten skal beskriva i korte trekk kurset, og du evaluerar personleg studieopplegget/kurset du har delteke på. Du må og rekne med å halde ei førelesning om opphaldet ditt når du kjem attende til BAS.
- Arbeidspraksis: Det er mogleg å søkje om Leonardo stipend for arbeidspraksis ved eit arkitektkontor i Europa. Stipendandelen varierer, om lag 460 Euro per mnd, basert på 3 mnd. opphald. 1. april er søknadsfrist for å melde interesse for Leonardo. Studenten må då sjølv finne eit kontor som vil ta i mot, og BAS og kontoret må deretter signere intensjonsavtale. For arbeidspraksis generelt på arkitektkontor, med relevante oppgåver, så kan ein søkje om å få det godkjent som 4.fag på KTF modellen på BAS. Minimum lengde er 3 månaders fulltidsarbeid, og du må ta med ei stadfesting frå arbeidsgjevaren din på kor lenge du har vore der og kva arbeidsoppgåver du har hatt.

UTVEKSLINGSPARTNARAR:

NORDPLUS PROGRAMMET I SKANDINAVIA

DANMARK

ARKITEKTSKOLEN I AARHUS <http://aarch.dk/>

Søknadsfrist 15.mai for haustsemester, 15.oktober for vårsemester.

Kontaktperson: Jørgen Helstrup epost:: jorgen.helstrup@aarch.dk

KUNSTAKADEMIETS ARKITEKTSKOLE, KØBENHAVN

<http://www.karch.dk/uk/Menu/Education/International+Partners>

Søknadsfrist 15.mai for haustsemester, 1.oktober for vårsemester. Tek berre imot ein student frå kvar skule. Kontaktperson: Rasmus Levy epost: rasmus.levy@karch.dk

FINLAND

OULUN YLIOPISTO (Uleåborg Universitet) www.oulu.fi

Søknadsfrist 31. april for begge semestra. Tek imot 2 fra kvar skule.

Kontaktperson: Sanna Waris: sanna.waris@oulu.fi

TAMPERE UNIVERSITY OF TECHNOLOGY <http://www.tut.fi/>

Søknadsfrist: 15.mai for hausten, 31.oktober for våren. Tek imot 2 frå kvar skule

Kontaktperson: Eila Hirvonen epost: eila.hirvonen@tut.fi

HELSINKI UNIVERSITY OF TECHNOLOGY www.hut.fi

Søknadsfrist: 31.mars for haustsemester. Berre dei som kan skaffe eigen bustad kan søkje for berre å ta vårsemester.

Kontaktperson: Auli Puhakka epost: auli.puhakka@tkk.fi

ISLAND (berre BA)

Iceland Academy of Arts (Reykjavik) www.lhi.is

Søknadsfrist: 1. mai for haustsemesteret, 1. oktober for vårsemesteret

Kontaktperson: Hanna Backmann epost: hannaba@lhi.is

SVERIGE

LUNDS UNIVERSITET www.lth.se

Søknadsfrist: 15.april for begge semestra

Kontaktperson: Eva Salomonsson epost: eva.salomonsson@kansli.lth.se

CHALMERS TEKNISKA HÖGSKOLA AB (Gøteborg) <http://www.chalmers.se/arch/SV>

Ingen spesiell søknadsfrist, freistar å ta imot alle som vil studere der.

Kontaktperson: Bodil Obrelus epost: boob@chalmers.se

KUNGL TEKNISKA HÖGSKOLAN (Stockholm) www.kth.se

15.april for haustsemester, 15.oktober for vårsemester

Kontaktperson: Hannasara Petersson epost: international@arch.kth.se

I tillegg er det mogleg å søkje om Nordplus/Erasmus utveksling til Baltikum.

Riga Technical University, faculty of Architecture, Latvia.

Contact email: evita.serjogina@rtu.lv

Vilnius Gediminas Technical University, Faculty of Architecture.

Contact email: Audrius.Novickas@ar.vgtu.lt

Estonian Academy of Arts, Tallin

Contact email: maria.iyrisson@artun.ee

ERASMUS PROGRAMMET

ESAP Escola Superior Artistica do Porto www.esap.pt

Ta kontakt så snart som råd dersom du er interessert.

Kontaktperson: Susana Milão epost: erasmus@esap.pt

Institut Supérieur d'Architecture Saint-Luc de wallonie

boulevard de la Constitution 41

4020 Liège (Belgique)

kontaktperson: Annie Boutefeu epost: annie.boutefeu@saintluc.com

BEIRA INERIOR UNIVERSITY, Portugal. Architecture course.

<http://www.ubi.pt>

Kontaktperson: Rita Ochoa epost: a.rita.ochoa@gmail.com

BAUHAUS UNIVERSITÄT WEIMAR, Tyskland

<http://www.uni-weimar.de/cms/en/international.html>

Kontaktperson: Dr. Bernd Ufer email: bernd.ufer@uni-weimar.de

Skulen er i prosess med å prøve å få på plass Erasmus avtaler med skular bl.a. i UK, Nederland og Frankrike.

BILATERALE AVTALER

Guang Dong University of Technology, China

Huazhong University of Science and Technology, China

Kamla Raheja Vidyanidhi Institute for Architecture, Mumbai, India

Ta kontakt med administrasjonen for meir informasjon.

FREEMOVERS

BAS har hatt studentar som har søkt og fått godkjent utveksling utanom program,

H06 Unitec, Auckland, New Zealand

H06 Escuela de Arquitectura y Diseño, Pontificia Universidad Católica de Valparaíso, Chile

V07 University of British Columbia, Vancouver, Canada

H07 Dalhousie University; Canada

H08 Southern California Institute of Architecture, U.S.A

V09 Architectural Association, UK

V09 University of Sao Paulo, Faculty of Architecture and urbanism

H09 skal studentar frå BAS studere ved Cooper Union, USA og Southern California Institute of Architecture, U.S.A

Dersom du er interessert i å snakke med nokon av desse, ta kontakt med adm.,

ANNA:

AHO

Søknadsfrist: 1. april./ 1. november

www.aho.no klikk på studier, opptak og hospitering.

BAS studentar kan søkje hospitantplassar

Kontaktperson: Erling Rogne Solbu epost: erling.solbu@adm.aho.no tlf. 2299 7046

NTNU

BAS studentar kan søkje hospitantplassar.

Søknadsfrist 1. juni / 15.november Søknadsskjema får ein ved å kontakte Student Service

Office e-mail: studentservice@adm.ntnu.no, tlf: 73 59 52 00